

Utval: Kultur- og ressursutvalet
Møtestad: Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset
Dato: 13.05.2015
Tidspunkt: 11:00 – 15.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	FL A/R
Siri Klokkerstuen	Medlem	FL A/R
Natalie Antonia Golis	Medlem	FL A/R
Inger Johanne Seim	Medlem	FL A/R
Anita Garlid Johannessen	Nestleiar	FRP
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Neshe Lie	Medlem	H
Kristian Helland	Medlem	KRF
Tom Sverre Tomren	Medlem	FL SP/MDG
Anne Beth Njærheim	Leiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Peder Sjo Slettebø	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Roe Lauvås	Peder Sjo Slettebø	H

Merknader
Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regionalavdelinga
Ronny Skaar	Seksjonsleiar, stedfortredar utviklingssjef – kultur og idrettsavd
Britt Karen Spjeld	Seksjonsleiar for Idrett og friluftsliv – kultur og idrettsavdelinga
Per Morten Ekerhovd	Seksjonsleiar fylkeskonservatoren – kultur og idrettsavdelinga
Eirik Knive	Seksjon for idrett og friluftsliv – kultur og idrettsavdelinga
Gudrun Mathisen	Klima- og naturressurssjef – regionalavdelinga
Jan Nordø	Seksjon for klima- og naturressurs – regionalavdelinga
Eva-Katrine Taule	Planseksjonen – regioanlavdelinga
Tone S Haugland	Seksjon for kunst- og kulturformidling, kultur- og idrettsavdelinga
Bjørg Larsen	Seksjon for kunst- og kulturformidling / idrett og friluftsliv
Anne Aune	Seksjonsleiar fylkesarkivet – kultur og idrettsavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off. saknr
PS 64/15	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 65/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 66/15	Referatsaker (meldingar)		
RS 38/15	Referat frå styremøte i Vestkystparken 9. april 2015	2014/11775	
RS 39/15	Status for prøveordning med midlertidig delegering av myndighet i kulturminnelova til Hordaland fylkeskommune (RS 60/15)	2014/11630	
RS 40/15	Årsmelding 2014 Friluftsrådet Vest	2014/12153	
RS 41/15	Fredningsstrategi mot 2020 - kulturminneforvaltningen	2014/651	
PS 67/15	Søknad om Skeie kraftverk i Kvam herad. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.	2015/4103	
PS 68/15	Søknad om løyve til bygging av seks kraftverk i Masfjorden kommune. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.	2015/2855	
PS 69/15	Søknad med konsekvensutgreiling for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar. Fråsegn.	2015/3046	
PS 70/15	Høyring av forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - eigedomar i Klima- og miljødepartementets landsverneplan	2014/495	
PS 71/15	Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - høyringsforslag til offentleg ettersyn	2014/11042	
PS 72/15	Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunane	2014/20396	
PS 73/15	Prioritering av to ekstra søknader om tilskot til statleg sikring av friluftsområder i Hordaland 2015 (kap. 1420 post 30)	2015/66	
PS 74/15	Fordeling av fylkeskommunalt investeringstilskot	2015/2143	
PS 75/15	Tilskot til fartøyvern 2015	2014/23044	
PS 76/15	Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2015	2014/19667	
PS 77/15	Høyringssvar til rapporten Kunstens autonomi og kunstens økonomi	2014/16935	
PS 78/15	Revidering av Kulturelt utviklingsprogram - vidareføring av programområde	2015/2152	
PS 79/15	Tillegg til sak 34/15 - KURE og sak 75/15 - FUV Gjestekunstnrbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune	2015/166	
PS 80/15	Ymse		

PS 64/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samråystes godkjend.

PS 65/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Vedtak

Møteboka frå møte 15.04.2015 vart samråystes godkjend.

PS 66/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Referatsakene vart teke til orientering

RS 38/15 Referat frå styremøte i Vestkystparken 9. april 2015

RS 39/15 Status for prøveordning med midlertidig delegering av myndighet i kulturminnelova til Hordaland fylkeskommune (RS 60/15)

RS 40/15 Årsmelding 2014 Friluftsrådet Vest

RS 41/15 Fredningsstrategi mot 2020 - kulturminneforvaltningen

PS 67/15 Søknad om Skeie kraftverk i Kvam herad. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Skeie kraftverk
2. Det vil vera eit krav om arkeologiske granskingar i samband med tiltaket jf. § 9 i Kulturminnelova. Fylkeskonservatoreten ber tiltakshavar ta kontakt for å greie ut om kostnader og omfang. Arkeologiske granskingar bør vere gjort i forkant av vurdering av konsesjonsspørsmålet for å sikre ein god prosess i saka.
3. Av omsyn til anadrom fisk må avbøtande tiltak, som automatisk forbisleppingsventil, vurderast.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Av omsyn til både natur og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune ifrå utbygging av Skeie kraftverk.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG)

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Skeie kraftverk
2. Det vil vera eit krav om arkeologiske granskingar i samband med tiltaket jf. § 9 i Kulturminnelova. Fylkeskonservatoreten ber tiltakshavar ta kontakt for å greie ut om kostnader og omfang. Arkeologiske granskingar bør vere gjort i forkant av vurdering av konsesjonsspørsmålet for å sikre ein god prosess i saka.
3. Av omsyn til anadrom fisk må avbøtande tiltak, som automatisk forbisleppingsventil, vurderast.

PS 68/15 Søknad om løyve til bygging av seks kraftverk i Masfjorden kommune. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjennomført ei samla konsekvensvurdering for dei seks kraftverka for artane oter, fossekall og spettefuglar. Tilrådde avbøtande tiltak bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår.

Sandneselva kraftverk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandneselva kraftverk.
3. Det er viktig at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
4. Av omsyn til bekkekløft, fossekall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast.
5. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Nørlandselva kraftverk

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nørlandselva kraftverk.
7. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må pårekna arkeologisk registrering langs traséen uansett kva alternativ ein vel å gå for. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
8. Nedre del av elva er eit markant element i fjordlandskapet og det er ei fossesprøytzone i øvre del. Det hekkar fossekall i elva. Minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til å ta vare på desse verdiane.
9. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Bjørneklettbotn kraftverk

10. Hordaland fylkeskommune rår i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva.
11. Dersom prosjektet får konsesjon rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbekken vert teke ut av planen. Bakrunnen er at redusert vassføring får konsekvensar for opplevelinga av kulturminna og kulturmiljøet.

12. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før eventuell iverksetjing av tiltak.

Fossdalen kraftverk

13. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fossdalen kraftverk.
14. Av omsyn til fossekall må høgare minstevassføring vurderast og reirkassar setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.
15. Plassering av kraftstasjon må ikkje komma i konflikt med den gamle SEFRAK-registrerte saga. Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering oppe ved Fossdalen der mellom anna veg og røyrgate til sideelva er planlagt. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
16. Av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røyrgatetrase vurderast på nyt.
17. Av omsyn til fjordlandskapet i Masfjorden må røyrgata frå Dyrkollelv utformast så skånsamt som mogleg.

Sulelva kraftverk

18. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sulelva kraftverk.
19. Av omsyn til kulturmiljøverdiane på Kalhovdasetra ved eventuell overføring av Svaelva (Sudalselva), må terrenginngrepa minimalisera og raskt revegeterte.
20. Av omsyn til landskaps-og friluftslivsverdiar bør ei høgare minstevassføring vurderast i sommarsesongen.

Haugsvær kraftverk

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Haugsvær kraftverk.
22. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

- «1. Hordaland fylkeskommune frarårdei 6 omsøkte utbygginginane av omsyn til Fjordlandsskapet, biologisk mangfold og uavklart sumverkander på natur og miljø.
2. Hordaland fylkeskommune har følgjande merknader om NVE likevel gir løyve til utbygging:
 - a) At det vert gjennomført ei samla konsekvensvurdering for dei seks kraftverka for artane eter, fossekall og spettefuglar. Tilrådde avbøtande tiltak bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår.
 - b) Merknader på det enkelte tiltak:

Sandneselva kraftverk

- Det er viktig at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
- Av omsyn til bekkekloft, fossekall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast.
- Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Nørlandselva kraftverk

- Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må pårekna arkeologisk registrering langs traséen uansett kva alternativ ein vel å gå for. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
- Nedre del av elva er eit markant element i fjordlandskapet og det er ei fossesprøytsone i øvre del.
- Det hekkar fossekall i elva. Minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til å ta vare på desse verdiane.
- Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Bjørneklettbotn kraftverk

Hordaland fylkeskommune rår STERKT i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva. Dersom prosjektet får konsesjon rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbekken vert teke ut av planen.

Bakgrunnen er at redusert Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva.

Dersom prosjektet får konsesjon rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbekken vert teke ut av planen. Bakgrunnen er at redusert vassføring får konsekvensar for opplevinga av kulturminna og kulturmiljøet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før eventuell iverksetjing av tiltak.

Fossdalen kraftverk.

- Av omsyn til fossekall må høgare minstevassføring vurderast og reirkassar setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.
- Plassering av kraftstasjon må ikkje komma i konflikt med den gamle SEFRAK-registrerte saga. Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering oppe ved Fossdalen der mellom anna veg og røygata til sideelva er planlagt. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røygatetrase vurderast på nytt. Av omsyn til fjordlandskapet i Masfjorden må røygata frå Dyrkollelva utformast så skånsamt som mogleg.

Sulelva kraftverk.

Av omsyn til kulturmiljøverdiane på Kalhovdasetra ved eventuell overføring av Svaelva (Sudalselva), må terrenginngrepa minimaliserast og raskt revegeterte. Av omsyn til landskaps- og friluftslivsverdiar bør ei høgare minstevassføring vurderast i sommarsesongen.

Haugsvær kraftverk.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må bli stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak event. blir gitt.»

Anne-Beth Nærheim sette fram slik protokollmerknad på vegner av utvalet:

«Utvalet oppmode administrasjonen om å vurdere om det kan utarbeidas ein oversikt over dei småkraftverksaker som kultur- og ressursutvalet har handsama i 2014.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (H, Frp, V) mot 5 røyster (MDG, A) for Tomren sitt forslag

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjennomført ei samla konsekvensvurdering for dei seks kraftverka for artane oter, fossekall og spettefuglar. Tilrådde avbøtande tiltak bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår.

Sandneselva kraftverk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandneselva kraftverk.
3. Det er viktig at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
4. Av omsyn til bekkekloft, fossekall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast.
5. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Nørlandselva kraftverk

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nørlandselva kraftverk.
7. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må pårekna arkeologisk registrering langs traséen uansett kva alternativ ein vel å gå for. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

8. Nedre del av elva er eit markant element i fjordlandskapet og det er ei fossesprøytzone i øvre del. Det hekkar fossekall i elva. Minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til å ta vare på desse verdiane.
9. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Bjørneklettbotn kraftverk

10. Hordaland fylkeskommune rår i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva.
11. Dersom prosjektet får konsesjon rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbekken vert teke ut av planen. Bakgrunnen er at redusert vassføring får konsekvensar for opplevinga av kulturminna og kulturmiljøet.
12. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før eventuell iverksetjing av tiltak.

Fossdalen kraftverk

13. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fossdalen kraftverk.
14. Av omsyn til fossekall må høgare minstevassføring vurderast og reirkassar setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.
15. Plassering av kraftstasjon må ikkje komma i konflikt med den gamle SEFRAK-registrerte saga. Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering oppe ved Fossdalen der mellom anna veg og røyrgate til sideelva er planlagt. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
16. Av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røyrgatetrase vurderast på nyt.
17. Av omsyn til fjordlandskapet i Masfjorden må røyrgata frå Dyrkollelva utformast så skånsamt som mogleg.

Sulelva kraftverk

18. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sulelva kraftverk.
19. Av omsyn til kulturmiljøverdiane på Kalhovdasetra ved eventuell overføring av Svaelva (Sudalselva), må terrengeinngrepa minimaliserast og raskt revegeterte.
20. Av omsyn til landskaps-og friluftslivsverdiar bør ei høgare minstevassføring vurderast i sommarsesongen.

Haugsvær kraftverk

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Haugsvær kraftverk.
22. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Protokollmerknad

Det vart samrøystes vedteke å oppmode administrasjonen om å vurdere om det kan utarbeidas ein oversikt over dei småkraftverksaker som kultur- og ressursutvalet har handsama i 2014.

PS 69/15 Søknad med konsekvensutgreiing for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar. Fråsegn.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Av omsyn til landskapsverdier og friluftsinteresser rår Hordaland fylkeskommune fra utbygging av Fjellhaugen kraftverk.

Om NVE likevel godkjenner søknaden gjer HFK merksam på følgjande forhold:
Nedstraums inntaket frå Krokavatn vil Hordaland fylkeskommune av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, inngrepssfrie naturområde og friluftsliv tilsier til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskarakteren og opplevingsverdien vert teken i vare. Av same grunn bør NVE vurdera høgare sommarvassføring nedstraums inntaket frå Verahaugen om tiltaket godkjennes.

Når det gjeld Nedstraums inntaket frå Kvanngrødhorga vil Hordaland fylkeskommune rå til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskvalitetane i eit mykje brukte friluftsområde vert teken i vare. Av omsyn til landskap og kulturminne bør det planlagde deponet i Gaddaneskleivo flyttast til magasinet i Blådalsvatnet. Av visuelle omsyn vil Hordaland fylkeskommune rå til kabling av ny 300 kV leidning i området mellom Staffivatn og Røytehølen. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG)

Innstilling

1.	Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fjellhaugen kraftverk.
2.	Nedstraums inntaket frå Krokavatn vil Hordaland fylkeskommune av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, inngrepssfrie naturområde og friluftsliv rå til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskarakteren og opplevingsverdien vert teken i vare.
3.	Av same grunn som i pkt. 2 bør NVE vurdera høgare sommarvassføring nedstraums inntaket frå Verahaugen.
4.	Nedstraums inntaket frå Kvanngrødhorga vil Hordaland fylkeskommune rå til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskvalitetane i eit mykje brukte friluftsområde vert teken i vare.
5.	Av omsyn til landskap og kulturminne bør det planlagde deponet i Gaddaneskleivo flyttast til magasinet i Blådalsvatnet.
6.	Av visuelle omsyn vil Hordaland fylkeskommune rå til kabling av ny 300 kV leidning i området mellom Staffivatn og Røytehølen.
7.	Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som lågt. Området er i stor grad påverka av utbygging frå før og røygater/vassoverføringer vil i all hovudsak gå i tunnel.
8.	Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

PS 70/15 Høyring av forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - eigedomar i Klima- og miljødepartementets landsverneplan

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Det er 12 representantar til stades

Svein Halleraker sette fram slikt tilleggsforslag på vegner av H, V, Frp, KrF, MDG og A:

«Fylkesutvalet viser til rundskriv frå Riksantikvaren frå 2013 " Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)" , som gjev klare signal om at dispensasjonshandsaming av freda hus skal vere løysingsorientert og ikkje leggje unødige band på bruk av den aktuelle eigdommen.

Fylkesutvalet meiner at fredinga må leggje vekt på at eksistarende bruk skal kunne videreførast, eventuelt at det kan leggjast til rette for ny bruk og at forvaltinga skal vere imøtekommande ved endringar, td ved endring av kjøken og våtrom.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke
Halleraker sitt forslag vart samråystes vedteke

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Fylkesutvalet viser til rundskriv frå Riksantikvaren frå 2013 " Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)" , som gjev klare signal om at dispensasjonshandsaming av freda hus skal vere løysingsorientert og ikkje leggje unødige band på bruk av den aktuelle eigedommen.

Fylkesutvalet meiner at fredinga må leggje vekt på at eksisterande bruk skal kunne vidareførast, eventuelt at det kan leggjast til rette for ny bruk og at forvaltinga skal vere imøtekommende ved endringar, til dømes ved endring av kjøken og våtrom.

PS 71/15 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - høyringsforslag til offentleg ettersyn

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Høyringsperioden vert 22. mai til 10. juli 2015.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Utvalet fann ikkje at **Svein Halleraker** var ugild fordi han er grunneigar i saka. Jf. forvaltningslova § 6.2

Det var 12 representantar til stades.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt endringsforslag på vegner av utvalet :

«Høyringsfristen for planen vert sett til 1. oktober 2015"

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Tomren sitt endringsforslag vart samråystes vedteke

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Høyringsperioden vert 22. mai til 1. oktober 2015.

PS 72/15 Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunane

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler kr 1.095.000 over budsjettpost 10.400.450.21.14700 til kartlegging og verdisetting av friluftsområder slik:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard i kvar kommune. 480 000
2. Møter/konferansar/oppsoekande verksemder 100 000
3. Tilskot til lokal prosjektleiing i kommunane vert fordelt slik, totalt kr: 515 000

Søkar	Tildelt 2014	Total kostnad	Søknadssum	Tildeling 2015
Fjell kommune	35 000	175 000	25 000	25 000

Meland kommune	40 000	175 000	20 000	20 000
Tysnes kommune	10 000	120 000	50 000	50 000
Austrheim kommune		140 000	60 000	60 000
Odda kommune		120 000	60 000	60 000
Fitjar kommune		120 000	60 000	60 000
Etne kommune		120 000	60 000	60 000
Samnanger kommune		85 000	60 000	60 000
Radøy kommune		140 000	60 000	60 000
Sund kommune		120 000	60 000	60 000
Totalt	85 000	1.215.000	515 000	515 000

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler kr 1.095.000 over budsjettpost 10.400.450.21.14700 til kartlegging og verdisetting av friluftsområder slik:

- | | |
|---|---------|
| 1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard i kvar kommune. | 480 000 |
| 2. Møter/konferansar/oppsoekande verksemد | 100 000 |
| 3. Tilskot til lokal prosjektleiing i kommunane vert fordelt slik, totalt kr: | 515 000 |

Søkar	Tildelt 2014	Total kostnad	Søknadssum	Tildeling 2015
Fjell kommune	35 000	175 000	25 000	25 000
Meland kommune	40 000	175 000	20 000	20 000
Tysnes kommune	10 000	120 000	50 000	50 000
Austrheim kommune		140 000	60 000	60 000
Odda kommune		120 000	60 000	60 000
Fitjar kommune		120 000	60 000	60 000
Etne kommune		120 000	60 000	60 000
Samnanger kommune		85 000	60 000	60 000
Radøy kommune		140 000	60 000	60 000
Sund kommune		120 000	60 000	60 000
Totalt	85 000	1.215.000	515 000	515 000

PS 73/15 Prioritering av to ekstra søknader om tilskot til statleg sikring av friluftsområder i Hordaland 2015 (kap. 1420 post 30)

Forslag til vedtak

- Hordaland fylkeskommune tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:
 1. Stanghelle, gnr.478, bnr.20 i Vaksdal kommune

2. Langøy, gnr.19, bnr.1 i Fitjar kommune

2. Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere vedtak om innstilling til Miljødirektoratet i søknader om statleg sikring av friluftsområde for resten av 2015.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølgje:
 1. Stanghelle, gnr.478, bnr.20 i Vaksdal kommune
 2. Langøy, gnr.19, bnr.1 i Fitjar kommune
2. Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere vedtak om innstilling til Miljødirektoratet i søknader om statleg sikring av friluftsområde for resten av 2015.

PS 74/15 Fordeling av fylkeskommunalt investeringstilskot

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland fordeler løyvinga på kr 2,5 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2015 slik:

Askøy kommune	Ravnanger Idrettspark friidrettsanlegg	kr 833 000,-
Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr 834 000,-
Bergen kommune	Bergen Tennisklubb	kr 833 000,-
Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr 0

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Svein Halleraker (H) sette fram slikt endringsforslag:

«Søknadssum 0 vert erstatta med: ikke i henhold til kriteriene»

Røysting

Fylkesrådmannens sitt forslag pkt. 1 - 3 vart samrøystes vedteke
Halleraker sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland fordeler løyvinga på kr 2,5 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2015 slik:

Askøy kommune	Ravnanger Idrettspark friidrettsanlegg	kr 833 000,-
Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr 834 000,-
Bergen kommune	Bergen Tennisklubb	kr 833 000,-
Stord kommune	Stord Hestesportsenter	ikkje i tråd med kriteria

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

PS 75/15 Tilskot til fartøyvern 2015

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 1.800.000,- av budsjettpost 10.400.650.04 slik:

1 M/S Midhordland	100 000
2 M/S Bjørn West	60 000
3 Mathilde	100 000
4 M/S Axel	50 000
5 M/F Skånevik	50 000
6 Selma	40 000
7 M/K Sjøgutt	30 000
8 M/S Vestgar	40 000
9 M/K Vikingen	30 000
10 M/Y Faun	50 000
11 M/B Quest	30 000
12 D/S Oster	120 000
13 D/S Stord	775 000
14 M/S Lete	110 000
15 M/S Granvin	20 000
16 M/K Vaarsol	15 000
17 M/Y Tysso	30 000
18 Vulcanus	60 000
19 Markol V	40 000
20 Bjørn	50 000

1 800 000

2. Kultur- og ressursutvalet gir administrasjonen fullmakt til å omdisponere midler dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre.
3. Kultur- og ressursutvalet ber fylkesrådmannen om å utgreie behova i fartøyvernet i Hordaland nærmare og vurdere innretninga av den regionale tilskotsordninga for fartøyvern.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 1.800.000,- av budsjettpost 10.400.650.04 slik:

1 M/S Midhordland	100 000
2 M/S Bjørn West	60 000
3 Mathilde	100 000
4 M/S Axel	50 000
5 M/F Skånevik	50 000
6 Selma	40 000
7 M/K Sjøgutt	30 000
8 M/S Vestgar	40 000
9 M/K Vikingen	30 000

10	M/Y Faun	50 000
11	M/B Quest	30 000
12	D/S Oster	120 000
13	D/S Stord	775 000
14	M/S Lete	110 000
15	M/S Granvin	20 000
16	M/K Vaarsol	15 000
17	M/Y Tysso	30 000
18	Vulcanus	60 000
19	Markol V	40 000
20	Bjørn	50 000

1 800 000

2. Kultur- og ressursutvalet gir administrasjonen fullmakt til å omdisponere midlar dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre.
3. Kultur- og ressursutvalet ber fylkesrådmannen om å utgreie behova i fartøyvernet i Hordaland nærmare og vurdere innretninga av den regionale tilskotsordninga for fartøyvern.

PS 76/15 Tilskot til vern og våling av kulturminne 2015

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet fordeler 891.000 kroner frå budsjettpost 10.400.650.01:

Tilskot

1	Austevoll	Gauksheim skulehus	30.000
2	Austrheim	Hopland	50.000
3	Bergen	Ervingen	50.000
4	Bergen	Unneland	20.000
5	Bergen	Øvre Korskirkealm.	30.000
6	Bergen	Sagbruk Sælen gård	30.000
7	Bergen	Lønborg, grunnmur	15.000
8	Jondal	Årstove	30.000
9	Kvam	Nes, gammelø	50.000
10	Kvam	Stykkje, Husmannsplass	20.000
11	Kvinnherad	Kunesbuo	50.000
12	Meland	Flatøy, notebu	10.000
13	Os	Stuen i gamletunet	12.000
15	Osterøy	Løe(museum)	20.000
15	Radøy	Mjøs, løe	24.000
16	Stord	Eldhus	30.000
17	Tysnes	Skulehus	30.000
18	Tysnes	Årbakka	30.000
19	Tysnes	Uggdal, smie	10.000
20	Tysnes	Færevang, smie	70.000
21	Ullensvang	Grimo, trekai	50.000
22	Ullensvang	Grimo	20.000
23	Ullensvang	Hesthamar skrivargard	50.000
24	Ulvik	Eldhus	50.000
25	Ulvik	Steinhytte	40.000
26	Ulvik	Larsaselfjøset	20.000
27	Voss	Lærumhuset	50.000
		SUM	891.000

Avslag

1	Askøy	Sjoddien, Strusshamn
---	-------	----------------------

2	Austevoll	Litlakalsøy
3	Bergen	Bergen seilskøyteklubb, slipp
4	Bergen	Bergen døvesenter
5	Bergen	Jernbanetrasè
6	Bergen	Godvik, borgundhuset
7	Etne	Vannes
8	Etne	Kasjotten
9	Fusa	Gjøn
10	Fusa	Holmefjord, naust
11	Fusa	Gjøn, stabbur
12	Fusa	Gjøneneset stabbur
13	Kvam	Nes, kvelvbru
14	Kvam	Nes, hovudbygning
15	Meland	Littlebergen, gamlehagen
16	Odda	Murboligen
17	Os	Myrvollen tørrmur
18	Sund	Bygdemuseum
19	Sveio	Bentehuset
20	Ulvik	Hakastad, minnelund
21	Voss	Staup, løe
22	Voss	Evanger brygge
23	Voss	Kyte, løe
24	Voss	Nain(bedehus)

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre, kan Kultur- og idrettsavdelinga omdisponere midlane til andre av dei omsøkte tiltaka

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet fordeler 891.000 kroner frå budsjettpost 10.400.650.01:

Tilskot			
1	Austevoll	Gauksheim skulehus	30.000
2	Austrheim	Hopland	50.000
3	Bergen	Ervingen	50.000
4	Bergen	Unneland	20.000
5	Bergen	Øvre Korskirkealm.	30.000
6	Bergen	Sagbruk Sælen gård	30.000
7	Bergen	Lønborg, grunnmur	15.000
8	Jondal	Årstove	30.000
9	Kvam	Nes, gammaløo	50.000
10	Kvam	Stykkje, Husmannsplass	20.000
11	Kvinnherad	Kunesbuo	50.000
12	Meland	Flatøy, notebu	10.000
13	Os	Stuen i gamletunet	12.000
15	Osterøy	Løe(museum)	20.000
15	Radøy	Mjøs, løe	24.000
16	Stord	Eldhus	30.000
17	Tysnes	Skulehus	30.000
18	Tysnes	Årbakka	30.000
19	Tysnes	Uggdal, smie	10.000
20	Tysnes	Færevåg, smie	70.000
21	Ullensvang	Grimo, trekai	50.000
22	Ullensvang	Grimo	20.000
23	Ullensvang	Hesthamar skrivargard	50.000
24	Ulvik	Eldhus	50.000
25	Ulvik	Steinhytte	40.000

26	Ulvik	Larsaselfjøset	20.000
27	Voss	Lærumhuset	50.000
	SUM		891.000

Avslag

1	Askøy	Sjoddien, Strusshamn
2	Austevoll	Litlakalsøy
3	Bergen	Bergen seilskøyteklubb, slipp
4	Bergen	Bergen døvesenter
5	Bergen	Jernbanetråsè
6	Bergen	Godvik, borgundhuset
7	Etne	Vannes
8	Etne	Kasjotten
9	Fusa	Gjøn
10	Fusa	Holmefjord, naust
11	Fusa	Gjøn, stabbur
12	Fusa	Gjøneneset stabbur
13	Kvam	Nes, kvelvbru
14	Kvam	Nes, hovudbygning
15	Meland	Litlebergen, gamlehagen
16	Odda	Murboligen
17	Os	Myrvollen tørrmur
18	Sund	Bygdemuseum
19	Sveio	Bentehuset
20	Ulvik	Hakastad, minnelund
21	Voss	Staup, løe
22	Voss	Evanger brygge
23	Voss	Kyte, løe
24	Voss	Nain(bedehus)

- Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre, kan Kultur- og idrettsavdelinga omdisponere midlane til andre av dei omsøkte tiltaka

PS 77/15 Høyringssvar til rapporten Kunstens autonomi og kunstens økonomi

Forslag til innstilling

- Kunstens autonomi og kunstens økonomi* presenterer eit godt og grunnleggande arbeid og er viktig materiale for vidare utvikling og utforming av kunstpolitikken både nasjonalt og regionalt.
- Hordaland fylkeskommune ser positivt på at det vert lagt til rette for at kunstnarane kan få ytterlegare inntekter på sitt arbeid, men det må vere ein realisme i korleis ein vurderer dette potensialet. Det må innrømmast at der er ulike utgangsposisjonar og ulike utfordringar i dei enkelte kunstartane / kunstnargruppane når det gjeld økonomisk potensiale. Det må ligge offentlege økonomiske støtteordningar i botn for kunstpolitikken, og ulikskapen i kunstartane må vere eit grunnlag for korleis ein utformer og håndsamar verkemidla.
- Hordaland fylkeskommune støtter tilrådinga om at det bør takast initiativ til ei større utgreiing om konsekvensar digitaliseringa har skapt for å skape og formidle kunst. Det er viktig at revisjonsarbeidet med Åndsverksloven betre sikrar inntekter for det verk kunstnaren har skapt, og at Åndsverkloven vert tilpassa den digitale utviklinga som skjer både på kunstområdet og i samfunnet forøvrig.
- Hordaland fylkeskommune ser det som positivt om dei regionale kunstsentrana får hand om utstillingsstipenda. Både stat og regionar bør i større grad nytte dei regionale kunstsentrana som regionale ledd både i dette arbeidet og andre kompetansehevande og formidlande tiltak. Dette krev ei styrking av kunstsentrana sine ressursar, då dei ofte er små einingar.
- Hordaland fylkeskommune ser at det må leggast betre til rette for internasjonalisering i kunstlivet og blant enkeltkunstnarar, både for å fremje kunstnarleg utvikling og for å vidareutvikle økonomisk potensiale og marknad. Ein ber regjeringa ha eit særleg på fokus eventuelle følgjer av omlegginga av kunst- og kultursatsinga gjennom Utenriksdepartementet.
- Hordaland fylkeskommune ser dei føreslårte skattefradraga som gode insentiv for å stimulere til kjøp av kunst og støtte av / investering i kunstføremål.
- Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det vert sett fokus på at kunstnarar bør

- oppnå sosiale rettar og velferdsordningar på line med andre arbeidstakrar.
8. Hordaland fylkeskommune er skeptisk til det sterke kravet til den enkelte kunstnar som entrepenør. Dette kan ta fokus bort frå den reint kunstnarlege verksemda. Ein ser derimot svært positivt på at det vert tilrådd å oppmuntre til nettverk blant kunstarar. Hordaland har fleire slike gode, fungerande regionale nettverk som bør styrkast. Slike kompetansehevande fellesskapsløysingar er også eit prioritert område i den regionale kulturplanen for Hordaland.
 9. Hordaland fylkeskommune merker seg påpeikinga i kapittel 14 om at kunstpolitikken bør løftast som eige politikkområde også regionalt. Vi viser i den samanheng til den nyleg vedtekne regionale kulturplan PREMISS : KULTUR, spesielt innsatsområde 27. *Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet*.
 10. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med at rapporten synleggjer den effekt fylkeskommunale oppdrag har for økonomien til kunstnarane. Ein vil forsette å vidareutvikle både kunstformidlinga i skulen og kunstprosjekta i offentlege rom. I regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune fremja forslag om å vidareutvikle Kunst i offentleg rom til også å gjelde anna anleggsverksemd, t.d. samferdsleprosjekt.
 11. Hordaland fylkeskommune si kunstformidling i skulen bruker rammeavtale framforhandla av fylkeskommunar og Kunstnernettverket i 2012 og tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon(MFO) og Rikskonsertane. Det er trong for ein felles, bindande avtale for alle kunstuttrykk slik som tilrådd i rapporten, og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for samhandling i denne saka. Staten må kompensere auka lønsutgifter slik at det ikkje inneber innskrenking i tilbodet til elevane.
 12. Hordaland fylkeskommune ser det som problematisk, ut frå eit prinsipielt demokrati- synspunkt, at det vert oppretta ein ny instans for forvaltning av kunst- og kunstnarpolitikken. Både om det skulle vere eit eige organ eller som ei avdeling under Norsk kulturråd. Kulturdepartementet og det politiske systemet må ta i vare og utvikle kunstpolitikken, med Kulturrådet og andre organ utanfor som kunnskapsressursar og som setter den vedtekne kulturpolitikken ut i livet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. *Kunstens autonomi og kunstens økonomi* presenterer eit godt og grunnleggande arbeid og er viktig materiale for vidare utvikling og utforming av kunstpolitikken både nasjonalt og regionalt.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på at det vert lagt til rette for at kunstnarane kan få ytterlegare inntekter på sitt arbeid, men det må vere ein realisme i korleis ein vurderer dette potensialet. Det må innrømmast at der er ulike utgangsposisjonar og ulike utfordringar i dei enkelte kunstartane / kunstnargruppane når det gjeld økonomisk potensiale. Det må ligge offentlege økonomiske støtteordningar i botn for kunstpolitikken, og ulikskapen i kunstartane må vere eit grunnlag for korleis ein utformer og handsamar verkemidla.
3. Hordaland fylkeskommune støtter tilrådinga om at det bør takast initiativ til ei større utgreiing om konsekvensar digitaliseringa har skapt for å skape og formidle kunst. Det er viktig at revisjonsarbeidet med Åndsverksloven betre sikrar inntekter for det verk kunstnaren har skapt, og at Åndsverkloven vert tilpassa den digitale utviklinga som skjer både på kunstområdet og i samfunnet forøvrig.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt om dei regionale kunstsentrar får hand om utstillingsstipenda. Både stat og regionar bør i større grad nytte dei regionale kunstsentrar som regionale ledd både i dette arbeidet og andre kompetansehevande og formidlande tiltak. Dette krev ei styrking av kunstsentrar sine ressursar, då dei ofte er små einingar.
5. Hordaland fylkeskommune ser at det må leggast betre til rette for internasjonalisering i kunstlivet og blant enkeltkunstnarar, både for å fremje kunstnarleg utvikling og for å vidareutvikle økonomisk potensiale og marknad. Ein ber regjeringa ha eit særleg på fokus eventuelle følgjer av omlegginga av kunst- og kultursatsinga gjennom Utenriksdepartementet.
6. Hordaland fylkeskommune ser dei føreslårte skattefradraga som gode insentiv for å stimulere til kjøp av kunst og støtte av / investering i kunstføremål.

7. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det vert sett fokus på at kunstnarar bør oppnå sosiale rettar og velferdsordningar på line med andre arbeidstakrar.
8. Hordaland fylkeskommune er skeptisk til det sterke kravet til den enkelte kunstnar som entrepenør. Dette kan ta fokus bort frå den reint kunstnarlege verksemda. Ein ser derimot svært positivt på at det vert tilrådd å oppmuntre til nettverk blant kunstarar. Hordaland har fleire slike gode, fungerande regionale nettverk som bør styrkast. Slike kompetansehevande fellesskapsløysingar er også eit prioritert område i den regionale kulturplanen for Hordaland.
9. Hordaland fylkeskommune merker seg påpeikinga i kapittel 14 om at kunstpolitikken bør løftast som eige politikkområde også regionalt. Vi viser i den samanheng til den nyleg vedtekne regionale kulturplan PREMISS : KULTUR, spesielt innsatsområde 27. *Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet*.
10. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med at rapporten synleggjer den effekt fylkeskommunale oppdrag har for økonomien til kunstnarane. Ein vil forsette å vidareutvikle både kunstformidlinga i skulen og kunstprosjekta i offentlege rom. I regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune fremja forslag om å vidareutvikle Kunst i offentleg rom til også å gjelde anna anleggsverksemd, t.d. samferdsleprosjekt.
11. Hordaland fylkeskommune si kunstformidling i skulen bruker rammeavtale framforhandla av fylkeskommunar og Kunstnernettverket i 2012 og tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon(MFO) og Rikskonsertane. Det er trøng for ein felles, bindande avtale for alle kunstuttrykk slik som tilrådd i rapporten, og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for samhandling i denne saka. Staten må kompensere auka lønsutgifter slik at det ikkje inneber innskrenking i tilbodet til elevane.
12. Hordaland fylkeskommune ser det som problematisk, ut frå eit prinsipielt demokrati- synspunkt, at det vert oppretta ein ny instans for forvaltning av kunst- og kunstnarpolitikken. Både om det skulle vere eit eige organ eller som ei avdeling under Norsk kulturråd. Kulturdepartementet og det politiske systemet må ta i vare og utvikle kunstpolitikken, med Kulturrådet og andre organ utanfor som kunnskapsressursar og som setter den vedtekne kulturpolitikken ut i livet.

PS 78/15 Revidering av Kulturelt utviklingsprogram - vidareføring av programområde

Forslag til vedtak

1. Dei fire programområda for Kulturelt utviklingsprogram 2014 vert også gjeldande for ordninga i 2015:
 A: Kunsten i samfunnet
 B: Samarbeid
 C: Nyskapande formidling
 D: Kompetanse

Kultur- og ressursutvalet ber i om at KUP ivaretok ynskje om å særleg satse på tiltak som styrkjer vår lokale identitet / kultur, herunder kystkulturen.

2. Vilkår, vurderingsgrunnlag og prosedyrar for Kulturelt utviklingsprogram vert vidareført som tidlegare.
3. Ein ber fylkesrådmannen om ei sak med forslag om nye programområde for KUP 2016 – 18. Programområda skal då vere tydeleg bygd på fokusområda og satsingane i PREMISS : KULTUR og godt forankra i behova som finns i dei felt ordninga skal vidareutvikle.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Dei fire programområda for Kulturelt utviklingsprogram 2014 vert også gjeldande for ordninga i 2015:
A: Kunsten i samfunnet
B: Samarbeid
C: Nyskapande formidling
D: Kompetanse

Kultur- og ressursutvalet ber i om at KUP ivaretok ynskje om å særleg satse på tiltak som styrker vår lokale identitet / kultur, herunder kystkulturen.

2. Vilkår, vurderingsgrunnlag og prosedyrar for Kulturelt utviklingsprogram vert vidareført som tidlegare.
3. Ein ber fylkesrådmannen om ei sak med forslag om nye programområda for KUP 2016 – 18. Programområda skal då vere tydeleg bygd på fokusområda og satsingane i PREMISS : KULTUR og godt forankra i behova som finns i dei felt ordninga skal vidareutvikle.

PS 79/15 Tillegg til sak 34/15 - KURE og sak 75/15 - FUV Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling – likelydande som i opprinneleg sak

1. Hordaland fylkeskommune vidareførar gjestekunstnarordninga administrert av Hordaland kunstsenter, med bustaden i Nordnesveien 43.
2. Bustaden i Nordnesveien skal reserverast tre månader annakvart år til gjestekunstnar frå Basse-Normandie, som lekk i realisering av samarbeidsavtalen med Nedre-Normandie.
3. Leigeforholdet med Bymuseet / Hordamuseet om bruk av Ambrosiahuset skal seiast opp.
4. Fylkesrådmannen kjem attende med eige sak om bruk av kunstnar-/kulturarbeidarleilighet i Covarrubias, Spania.
5. Gjestekunstnarordninga vurderas i samband med budsjett 2016.

PS 80/15 Ymse

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Svein Halleraker, styreleiar i Carte Blanche, ønskte ei vurdering frå administrasjonen om korleis Carte Blanche skal løyse sitt behov for lokale når leigeforholdet deira gjeng ut 2017.

Administrasjonen orienterte om fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre Carte Blanche nye lokale etter 2017.

Tom Sverre Tomren stilte spørsmål til kvifor Bergen Døvesenter ikkje har fått svar på søknad om brannsikring av verna bygg.

Administrasjonen orienterte om at søknaden er sendt over til Riksantikvaren og ein avventar vidare sakshandsaming.

Tom Sverre Tomren stilte spørsmål til om fylkeskommunen og fylkespolitikarane kan påverke arkitekturen i fylket.

Administrasjonen orienterte om det handlingsrommet fylkeskommunen har på fagfeltet er heimla i sakshandsaming og Regional plan for kultur 2015 – 2025.

Natalia Golis stilte spørsmål til korleis fylkeskommunen har støtte drifta av USF Verftet og om ein har motteke søknaden om driftstilskot til USF Verftet for 2016.

Administrasjonen orienterte om at fylkeskommunen ikkje har gjett direkte driftstøtte til USF Verftet, men har støtta opp om drifta gjennom tilskot til gjestekunstatelierordninga og Skrivekustakademiet. Søknad om driftstønad er motteke for 2016 – 2018.

Delt ut:

- *Årsmelding*, USF Verftet 2014
- *Programbok* for Hardanger musikkfest 21. – 25. mai 2015
- *Årsmelding*, Friluftsrådet Vest, 2014 – jf. RS 40/15